

**Forskings- og
utviklingsavtale for
StartOff for prosjekt med
Namn på Oppdragsgivar**

Forskings- og utviklingsavtale for StartOff

er inngått mellom:

[Skriv her]

(heretter omtalt som Leverandør)

og

[Skriv her]

(heretter omtalt som Kunde)

Stad og dato:

[Skriv stad og dato her]

[Set inn namnet på Kunden her]

[Set inn namnet på Leverandøren her]

Underskrift frå Kunde

Underskrift frå Leverandør

Avtalen blir underteikna i to eksemplar, eitt til kvar part.

Førespurnader

Med mindre noko anna går fram av vedlegg 6, skal alle førespurnader om denne avtalen rettast til:

Hos Kunden

Namn:

Stilling:

Telefon:

E-post:

Hos Leverandøren

Namn:

Stilling:

Telefon:

E-post:

Innhald

1	ALMINNELEGE VILKÅR	5
1.1	AVTALEOMFANG.....	5
1.2	VEDLEGG TIL AVTALEN.....	5
1.3	TOLKING – RANGORDNING.....	6
1.4	REPRESENTANTAR FOR PARTANE.....	6
1.5	AVTALEFASANE.....	6
2	GJENNOMFØRING AV FORSKINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT I STARTOFF-PROGRAMMET	6
2.1	FØREBUINGAR OG ORGANISERING.....	6
2.2	FASE 1: UTFORSKE ALTERNATIV.....	7
2.3	FASE 2: UTVIKLE LØYSINGA.....	7
3	PLIKTENE TIL LEVERANDØREN	7
3.1	ANSVARET SOM LEVERANDØREN HAR FOR EIGNE YTINGAR.....	7
3.2	KRAV TIL RESSURSAR OG KOMPETANSE HOS LEVERANDØR.....	7
3.3	BRUK AV UNDERLEVERANDØR.....	8
3.4	LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR.....	8
4	PLIKTENE TIL KUNDEN	9
4.1	ANSVAR OG MEDVERKNAD FRÅ KUNDEN SI SIDE.....	9
4.2	BRUK HOS KUNDEN AV TREDJEPARTAR.....	9
5	PLIKTER SOM GJELD KUNDEN OG LEVERANDØREN	9
5.1	MØTE.....	9
5.2	ANSVAR FOR UNDERLEVERANDØR OG TREDJEPART.....	9
5.3	TEIEPLIKT.....	9
5.4	SKRIFTLEGHEIT.....	10
6	VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR	10
6.1	VEDERLAG.....	10
6.2	FAKTURERING.....	11
6.3	FORSEINKINGSRENTER.....	11
6.4	BETALINGSMISLEGHALD.....	11
7	EKSTERNE RETTSLEGE KRAV, PERSONVERN OG TRYGGLEIK	11
7.1	INFORMASJONSTRYGGLEIK.....	11
7.2	PERSONOPPLYSNINGAR.....	12
8	EIGEDOMS- OG DISPOSISJONSRETT	13
8.1	RETTAR TIL DET SOM BLIR UTVIKLA.....	13
8.1.1	Rettane til Leverandøren.....	13
8.1.2	Rettane til Kunden.....	13
8.2	FRI PROGRAMVARE.....	14
9	MISLEGHALD FRÅ LEVERANDØREN SI SIDE	15
9.1	KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD.....	15
9.2	VARSLINGSPLIKT.....	15
9.3	SANKSJONAR VED MISLEGHALD.....	15
9.3.1	Heving.....	15
9.3.2	Erstatning.....	15
9.3.3	Avgrensing av erstatning.....	15
10	MISLEGHALD FRÅ KUNDEN SI SIDE	16
10.1	KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD.....	16
10.2	VARSLINGSPLIKT.....	16

10.3	HEVING	16
10.4	ERSTATNING	16
11	KRENKING AV DEI IMMATERIELLE RETTANE TIL EIN TREDJEPART (RETTSMANGEL)	17
11.1	RISIKO OG ANSVAR FOR RETTSMANGEL HOS PARTANE.....	17
11.2	KRAV FRÅ TREDJEPART	17
11.3	HEVING	17
11.4	ERSTATNING AV TAP SOM FØLGJE AV RETTSMANGEL	17
12	HEVINGSOPPGJER	17
13	ANDRE FØRESEGNER	18
13.1	OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER.....	18
13.2	KONKURS, AKKORD E.L.....	18
13.3	FORCE MAJEURE	18
14	TVISTAR	19
14.1	RETTSVAL	19
14.2	FORHANDLINGAR OG MEKLING	19
14.3	DOMSTOLS- ELLER VALDGIFTSBEHANDLING	19

1 ALMINNELEGE VILKÅR

1.1 AVTALEOMFANG

Denne forskings- og utviklingsavtalen skal innfri behova og krava som Kunden har beskrive i vedlegg 1. Partane har inngått denne avtalen basert på idéskissa frå Leverandøren, og avtalen regulerer den vidare utviklinga av idéskissa til eit løysingsforslag og eventuelt eit minimumsprodukt (MVP – minimum viable product). Forskings- og utviklingsavtalen omfattar med andre ord utarbeiding av løysingsforslag (fase 1 «Utforske alternativ») og eventuelt utvikling av eit minimumsprodukt (fase 2 «Utvikle løysinga»). Leverandøren som er med vidare til fase 2 «Utvikle løysinga», skal signere ein tildelingsavtale med Kunden som angitt i vedlegg 5. Etterfølgjande kjøp av løysinga er ikkje del av denne avtalen.

Kundebehova og kundekrava til tenesta går fram av vedlegg 1. I vedlegg 2 har Leverandøren beskrive idéskissa si. Dersom Leverandøren meiner at behovsbeskrivinga og krava frå Kunden inneheld openberre feil eller uklare punkt, skal Leverandøren påpeike dette i vedlegg 2.

Dersom det er spesifisert i vedlegg 1 at løysinga skal fungere saman med den tekniske plattformen til Kunden, skal denne vere beskriven i vedlegg 3.

Avtalen vil seie denne generelle avtaleteksten med vedlegg. Avtalen blir i det følgjande omtalt som «avtalen» eller «denne avtalen».

1.2 VEDLEGG TIL AVTALEN

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei)	JA	NEI
Vedlegg 1: Behovsbeskriving og krav frå kunden til løysingsforslag og minimumsprodukt		
Vedlegg 2: Bakgrunnsmateriale og idéskisse frå Leverandøren		
Vedlegg 3: Den tekniske plattformen til Kunden		
Vedlegg 4: Overordna framdriftsplan		
Vedlegg 5: Tildelingsavtale for fase 2 «Utvikle løysinga»		
Vedlegg 6: Administrative vilkår		
Vedlegg 7: Pris på løysingsforslag, timeprisar og prisvilkår		
Vedlegg 8: Endringar i avtalen før avtaleinngåing		
Vedlegg 9: Endringar i avtalen etter avtaleinngåing		
Eventuelt andre vedlegg:		

1.3 TOLKING – RANGORDNING

Endringar i den generelle avtaleteksten skal samlast i vedlegg 8 med mindre slike endringar blir viste til i eit anna vedlegg i den generelle avtaleteksten.

Ved motstrid skal følgjande tolkingsprinsipp leggjast til grunn:

Den generelle avtaleteksten går framfor vedlegga.

Vedlegg 1 går framfor dei andre vedlegga.

I den grad det går klart og utvitydig fram kva punkt som har blitt endra, erstatta eller fått tillegg, skal følgjande motstridprinsipp gjelde:

- Vedlegg 2 går framfor vedlegg 1.
- Vedlegg 8 går framfor den generelle avtaleteksten.
- Dersom endringar blir viste til eit anna vedlegg enn vedlegg 8 i den generelle avtaleteksten, går dei framfor den generelle avtaleteksten.
- Tildelingsavtalane går framfor dei andre vedlegga.
- Vedlegg 9 går framfor dei andre vedlegga.

1.4 REPRESENTANTAR FOR PARTANE

Kvar av partane skal ved inngåing av avtalen utnemne ein representant som er autorisert til å opptre på vegner av partane i saker som gjeld avtalen. Autorisert representant for partane, prosedyrar og varslingsfristar for eventuelt byte av representant, er nærmare spesifisert i vedlegg 6.

1.5 AVTALEFASANE

Leveransane er delte inn følgjande fasar:

Fase 1: Utforske alternativ

Fase 2: Utvikle løysinga

2 GJENNOMFØRING AV FORSKINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT I STARTOFF-PROGRAMMET

2.1 FØREBUINGAR OG ORGANISERING

Ein overordna prosjekt- og framdriftsplan for gjennomføring av det forskings- og utviklingsprosjektet skal gå fram av vedlegg 4. Forskings- og utviklingsprosjektet skal gjennomførast innanfor rammene av denne planen. Krav til medverknad frå Kunden i gjennomføringa av forskings- og utviklingsprosjektet skal gå fram av framdriftsplanen og tildelingsavtalen.

Ein detaljert framdriftsplan for gjennomføringa av fase 2 «Utvikle løysinga» går fram av tildelingsavtalen.

Organiseringa av forskings- og utviklingsprosjektet – inkludert avklaring av roller, ansvar, myndigheit og kven som er definert som nøkkelpersonell – skal gå fram av vedlegg 6

2.2 FASE 1: UTFORSKE ALTERNATIV

Med utgangspunkt i idéskissa skal Leverandøren utarbeide eit løysingsforslag basert på krava som Kunden har sett fram i vedlegg 1, og til den prisen som er bestemt i vedlegg 7.

Løysingsforslaget til Leverandøren blir evaluert på bakgrunn av tildelingskriteria som er nedfelte i tildelingsavtalen for fase 2 «Utvikle løysinga». Berre éin av leverandørane som deltek i prosjektet, blir tildelt avtale for fase 2 «Utvikle løysinga». Dersom Kunden vel å ikkje signere tildelingsavtalen for fase 2 «Utvikle løysinga», blir avtalen avslutta omgåande ved at Kunden sender eit skriftleg varsel til Leverandøren. Leverandøren har ikkje krav på vederlag ut over det som eksplisitt går fram av vedlegg 7.

2.3 FASE 2: UTVIKLE LØYSINGA

Dersom partane signerer ein tildelingsavtale for fase 2 «Utvikle løysinga», skal løysingsforslaget – saman med angitt vederlag, eventuell presisering av krav frå Kunden si side og ein detaljert samarbeids- og framdriftsplan for fase 2 «Utvikle løysinga» – inngå i tildelingsavtalen. Leverandøren skal utvikle eit minimumsprodukt basert på behov og krav som er nedfelte i vedlegg 1, og vilkår som går fram av tildelingsavtalen for fase 2 «Utvikle løysinga».

3 PLIKTENE TIL LEVERANDØREN

3.1 ANSVARET SOM LEVERANDØREN HAR FOR EIGNE YTINGAR

Leverandøren har ansvar for at dei beskrivne ytingane i vedlegg 2 og tildelingsavtalen dekkjer funksjonane og krava som er spesifiserte i avtalen. Leverandøren skal, som ein del av vederlaget, ta aktivt del i «workshops», møte, opplæring og andre liknande aktivitetar som Kunden og samarbeidspartnarane til Kunden gjennomfører.

3.2 KRAV TIL RESSURSAR OG KOMPETANSE HOS LEVERANDØR

Leverandøren står inne for at ytingane blir leverte med ressursar og kompetanse som innfrir avtalekrava med omsyn til kvalitet og kvantitet. Prosjektleiari og anna nøkkelpersonell hos Leverandør er oppført i vedlegg 6.

Personar som i vedlegg 6 er spesifiserte som nøkkelpersonell, skal, innanfor ramma av styringsretten som Leverandøren har som arbeidsgivar, ikkje kunne skiftast ut utan førehandsgodkjenning frå Kunden. Ei slik godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Personell som Kunden på sakleg grunnlag ikkje ønskjer å nytte eller ønskjer å få skifta ut, skal snarast mogleg erstattast med anna personell med minst tilsvarende kompetanse.

Utsifting av personell skal ikkje påverke framdrifta eller påføre Kunden auka kostnader.

3.3 BRUK AV UNDERLEVERANDØR

Bruk og utskifting hos Leverandør av underleverandørar som direkte medverkar til oppfylling av avtalen, skal godkjennast skriftleg av Kunden. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Godkjende underleverandørar skal vere oppførte i vedlegg 6.

3.4 LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR

For avtalar som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, gjeld følgjande:

Leverandøren skal på område som er dekte av forskrifta om allmenngjord tariffavtale, sørge for at eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandørar som medverkar direkte til å oppfylle pliktene som Leverandøren har under denne avtalen, ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av forskrifta som allmenngjer tariffavtalen. På område som ikkje er dekte av allmenngjord tariffavtale, skal Leverandøren sørge for at dei same tilsette ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Dette gjeld arbeid som blir utført i Noreg.

Alle avtalar Leverandøren inngår, og som inneber utføring av arbeid som medverkar direkte til å oppfylle pliktene som Leverandøren har under denne avtalen, skal innehalde tilsvarende vilkår.

Dersom Leverandøren ikkje oppfyller denne plikta, har Kunden rett til å halde tilbake deler av samla vederlag, tilsvarende ca. 2 (to) gongar innsparinga for Leverandøren, inntil det er dokumentert at forholdet er utbetra.

Oppfylling av dei nemnde pliktene til Leverandøren over skal dokumenterast i vedlegg 6 gjennom anten ei eigenerklæring eller ei tredjepartserklæring om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske løns- og arbeidsvilkår for oppfylling av pliktene til Leverandøren og eventuelle underleverandørar.

Leverandøren skal etter førespurnad frå Kunden leggje fram dokumentasjon om løns- og arbeidsvilkåra som blir nytta. Kunden og Leverandøren kan kvar for seg krevje at opplysningane skal leggjast fram for ein uavhengig tredjepart som Kunden har gitt i oppdrag å undersøkje om krava i denne føresegna er oppfylte. Leverandøren kan krevje at tredjeparten skal ha underteikna ei erklæring om at opplysningane ikkje vil bli nytta til andre formål enn å sikre at Leverandøren innfrir pliktene sine etter denne føresegna. Dokumentasjonsplikt gjeld også underleverandørar.

Nærmare presiseringar om gjennomføring av punkt 4.5 kan avtalast i vedlegg 6.

4 PLIKTENE TIL KUNDEN

4.1 ANSVAR OG MEDVERKNAD FRÅ KUNDEN SI SIDE

Kunden skal medverke til gjennomføring av avtalen som spesifisert i vedlegg 2 og/eller tildelingsavtalen, innan fristane som står i vedlegg 4.

4.2 BRUK HOS KUNDEN AV TREDJEPARTAR

Kunden kan fritt engasjere tredjepartar til å hjelpe seg med oppgåvene sine under avtalen. Desse skal vere oppførte i vedlegg 6.

5 PLIKTER SOM GJELD KUNDEN OG LEVERANDØREN

5.1 MØTE

Dersom ein part meiner det er nødvendig, kan parten med minst 3 (tre) verkedagars varsel kalle inn til møte med motparten for å drøfte avtaleforholdet og måten det blir gjennomført på. Partane kan ikkje krevje vederlag for slike møte.

Annan frist og rutinar for møta kan avtalast i vedlegg 6.

5.2 ANSVAR FOR UNDERLEVERANDØR OG TREDJEPART

Dersom Leverandøren engasjerer ein underleverandør eller Kunden engasjerer ein tredjepart til å utføre arbeidsoppgåver som følgjer av denne avtalen, er parten fullt ansvarleg for at desse oppgåvene blir utførte på same måte som dersom parten sjølv stod for utføringa.

5.3 TEIEPLIKT

Informasjon som partane blir kjende med i samband med avtalen og gjennomføringa av denne, skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande med mindre motparten har gitt samtykke til dette.

Dersom Kunden er ei offentleg verksemd, er teieplikta etter denne føresegna ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltingslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne føresegna er ikkje til hinder for utlevering av informasjon det blir stilt krav til at skal leggjast fram etter lov eller forskrift, derimellom offentlegheit og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Motparten skal om mogleg få beskjed før slik informasjon blir utlevert.

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane kan brukast når der ikkje er legitime interesser som tilseier at dei skal haldast hemmelege – til dømes når opplysningane er alminneleg kjende eller alminneleg tilgjengelege andre stader.

Partane skal ta nødvendige forholdsreglar for å sikre at uvedkomande ikkje får innsyn i eller kan bli kjende med informasjon som er underlagd teieplikt.

Teieplikta gjeld berre tilsette hos partane, underleverandørar og tredjepartar som handlar på vegner av partane i samband med gjennomføring av avtalen. Partane kan berre overføre konfidensiell informasjon til slike underleverandørar og tredjepartar i den grad dette er nødvendig for gjennomføring av avtalen. Nemnde underleverandørar og tredjepartar må i desse tilfella påleggjast plikt til fortrulegheit tilsvarande dette punkt 6.3.

Teieplikta er ikkje til hinder for at partane kan utnytte erfaring og kompetanse som blir opparbeidd i samband med gjennomføringa av avtalen.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er avslutta. Tilsette eller andre som fråtrer i teneste hos ein av partane, skal også etter fråtredinga ha teieplikt om forhold som er nemnde over. Teieplikta sluttar å gjelde fem (5) år etter leveringsdato, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift.

5.4 SKRIFTLEGHEIT

Alle varsel, krav eller annan kommunikasjon knytt til denne avtalen skal leverast skriftleg til postadressa eller den elektroniske adressa som står på framsida av avtalen, med mindre partane har avtalt noko anna i vedlegg 6 for den aktuelle typen førespurnad.

6 VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR

6.1 VEDERLAG

Alle prisar og nærmare vilkår for vederlaget som Kunden skal betale for ytingane frå Leverandøren, går fram av vedlegg 7 og tildelingsavtalen. Kunden skal ikkje fullt ut betale for utarbeiding av løysingsforslag eller utvikling av minimumsproduktet. Det skal i vedlegg 7 og tildelingsavtalen vere angitt kva innsats kvar av partane bidreg med.

Utlegg, inklusive reise- og diettkostnader, blir dekte berre i den grad dei er avtalte. Reise- og diettkostnader skal spesifiserast særskilt og blir dekte etter gjeldande statlege satsar med mindre noko anna er skriftleg avtalt. Reisetid blir fakturert berre dersom det er avtalt i vedlegg 7.

Med mindre det står noko anna i vedlegg 7, er alle prisar oppgitte eksklusive meirverdiavgift, men medrekna toll og eventuelle andre avgifter. Alle prisar er i norske kroner.

6.2 FAKTURERING

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) kalenderdagar. Fakturaene frå Leverandøren skal spesifiserast og dokumenterast slik at Kunden enkelt kan kontrollere fakturaen opp mot det avtalte vederlaget. Alle fakturaer for laupande timar skal ha ein vedlagd detaljert timespesifikasjon. Utlegg skal førast opp særskilt.

Leverandøren skal levere faktura, kreditnotaer og purringar i elektronisk handelsformat (EHF).

Betalingsplan, andre betalingsvilkår og eventuelle vilkår for bruk av EHF går fram av vedlegg 7.

Leverandøren må sjølv dekkje eventuelle eigne kostnader som leveringa av elektronisk faktura medfører.

Leverandøren skal levere detaljerte timelister der også eigeninnsatsen til Leverandøren i prosjektet går fram.

6.3 FORSEINKINGSRENTER

Dersom Kunden ikkje betaler til avtalt tid, har Leverandøren krav på rente på beløpet som er forfalle til betaling, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

6.4 BETALINGSMISLEGHALD

Dersom eit uomtvista forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) kalenderdagar frå forfall, kan Leverandøren sende skriftleg varsel til Kunden om at avtalen vil bli heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) kalenderdagar etter mottak at varselet.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp det forfalne vederlaget med tillegg av forseinkingsrenter innan fristen.

7 EKSTERNE RETTSLEGE KRAV, PERSONVERN OG TRYGGLEIK

7.1 INFORMASJONSTRYGGLEIK

Leverandøren skal setje i verk forholdsmessige tiltak for å innfri krav til informasjonstryggleik i samband med gjennomføring av avtalen.

Dette inneber at Leverandøren skal setje i verk forholdsmessige tiltak for å sikre at dataa til Kunden blir behandla fortruleg og ikkje kjem på avvegar. Vidare skal Leverandøren setje i verk forholdsmessige tiltak for å unngå utilsikta endring og sletting av data og for å førebyggje åtak frå virus og anna skadeleg programvare.

Dersom Kunden har nærmare krav til korleis Leverandøren skal sørgje for informasjonstryggleik, skal Kunden angi dette i vedlegg 1.

Dersom Leverandøren behandlar data tilhøyrande Kunden, pliktar Leverandøren å halde desse dataa åtskilde frå dataa til eventuelle tredjepartar, for å redusere faren for skadar på og/eller innsyn i data. At dataa er åtskilde inneber at det er sett i verk nødvendige tekniske tiltak som sikrar dataa mot uønskt endring og innsyn. Som uønskt endring og innsyn reknar ein også tilgang frå tilsette hos Leverandøren eller andre som ikkje har behov for informasjonen i arbeidet sitt for Kunden.

Dersom Kunden har nærmare krav til korleis Leverandøren skal innfri kravet til åtskilde data, skal Kunden angi dette i vedlegg 1.

Leverandøren skal sjå til at leverandørar av tredjepartsleveransar sørgjer for tilstrekkeleg og nødvendig sikring av dataa til Kunden.

Dersom Kunden har nærmare krav til korleis Leverandøren skal sjå til at leverandørar av tredjepartsleveransar sørgjer for tilstrekkeleg og nødvendig sikring av dataa til Kunden, skal Kunden angi dette i vedlegg 1.

7.2 PERSONOPPLYSNINGAR

Dersom Leverandøren skal behandle personopplysningar i samband med avtalen, skal Leverandøren i vedlegg 2 og/eller tildelingsavtalen beskrive korleis ein tenkjer å oppnå og gjennomføre tilfredsstillande behandling i tråd med regelverket for vern av personopplysningar. Dette omfattar mellom anna krav til innebygd personvern. Dette gjeld uavhengig av om Kunden har stilt krav om dette i vedlegg 1.

Dersom Kunden har nærmare krav til tiltak som Leverandøren set i verk for informasjonstryggleik, skal Kunden angi dette i vedlegg 1.

Dokumentasjon på at informasjonssystemet og tryggingstiltaka er tilfredsstillande, skal etter førespurnad gjerast tilgjengeleg for Kunden, revisorane til Kunden, Datatilsynet og Personvernemnda. Dersom Kunden har nærmare dokumentasjonskrav knytt til informasjonssystemet og tryggingstiltak, skal Kunden angi dette i vedlegg 1. Dersom Kunden ber om informasjon for å gjennomføre vurdering av personvernkonsekvensar («Data Protection Impact Assessments»), skal Leverandøren hjelpe med å skaffe til vegar slik informasjon.

Leverandøren kan ikkje overlate personopplysningar til andre for lagring, behandling eller sletting utan at det på førehand er innhenta særleg eller generelt skriftleg løyve til dette frå Kunden. Leverandøren skal sørgje for at eventuelle underleverandørar som Leverandøren nyttar, og som behandlar personopplysningar, tek på seg tilsvarende plikter som i dette punkt 8.3 i avtalen. Dersom det er innhenta særleg eller generelt skriftleg løyve, skal Leverandøren informere Kunden om eventuelle planar om å skifte ut eller nytte andre databehandlarar, og dermed gi Kunden høve til å motsetje seg slike endringar. Underleverandørar som er godkjende av Kunden, skal gå fram av vedlegg 6.

Personopplysningar skal ikkje overførast til land utanfor EØS utan overføringsgrunnlag og dokumentasjon som stadfestar at vilkåra for å nytte overføringsgrunnlaget er oppfylte. Leverandøren skal i eit slikt tilfelle dokumentere dette i vedlegg 2 og/eller tildelingsavtalane.

Dersom oppdraget går ut på å behandle personopplysningar på vegner av Kunden, pliktar Kunden og Leverandøren å inngå ein databehandlaravtale i samsvar med personopplysningslovgivinga. Dersom Kunden ikkje har utarbeidd eit utkast til databehandlaravtale, skal Leverandøren leggje ved eit utkast som vedlegg til vedlegg 2. Databehandlaravtale må vere inngått før behandlinga av personopplysningar blir starta.

Dersom partane har inngått ein databehandlaravtale, vil denne ha forrang ved eventuell motstrid med avtalefråsegnene knytt til behandling av personopplysningar.

Erstatningsansvaret som partane har for skadar som rammar den registrerte eller andre fysiske personar og skuldast brot på personvernforordninga (forordning 2016/679), personopplysningslova med forskrifter eller anna regelverk som gjennomfører personvernforordninga, følgjer fråsegnene i personvernforordninga artikkel 82.

Avgrensinga av erstatning i punkt 9.3.3 gjeld ikkje for ansvar som følgjer av personvernforordninga artikkel 82.

Partane er kvar for seg ansvarlege for brotsgebyr som er pålagde i samsvar med personvernforordninga art. 83.

8 EIGEDOMS- OG DISPOSISJONSRETT

8.1 RETTAR TIL DET SOM BLIR UTVIKLA

8.1.1 Rettane til Leverandøren

Leverandøren beheld alle materielle og immaterielle rettar til bakgrunnsmateriale som Leverandøren hadde utarbeidd/utvikla før avtaleinngåinga. Bakgrunnsmateriale skal vere ført opp i vedlegg 2.

Leverandøren får alle materielle og immaterielle rettar til alle resultat som blir utarbeidd/utvikla under denne avtalen (heretter omtalt som «resultata»), med mindre noko anna er avtalt i det enkelte tilfellet.

8.1.2 Rettane til Kunden

Kunden får ein vederlagsfri og ikkje-eksklusiv bruksrett til bakgrunnsmateriale som er nemnt i punkt 8.1.1 over, så langt det er nødvendig for at Kunden skal kunne nytte resultata.

Kunden får ein vederlagsfri og ikkje-eksklusiv bruksrett til resultata, inkludert bruksrett til idéskisse, løysingsforslag og minimumsprodukt. Dette omfattar rett til å bruke resultata i etterfølgjande tilbudsprosessar og rett til å kopiere, modifisere og vidareutvikle resultata til eigen bruk. Kunden har ikkje rett på kjeldekoden til bakgrunnsmateriale og/eller resultata med mindre noko anna er avtalt i det enkelte tilfellet.

8.2 FRI PROGRAMVARE

Dersom fri programvare skal nyttast i samband med ytingane frå Leverandøren, skal Leverandøren utarbeide ei oversikt over den aktuelle frie programvara. Oversikta blir gitt i eit eige kapittel i vedlegg 2 og/eller i tildelingsavtalane. Ein kopi av lisensvilkåra som gjeld for den aktuelle frie programvara, er tilgjengeleg i vedlegg 2 og/eller tildelingsavtalane.

Leverandøren skal sjå til at det ikkje blir nytta fri programvare med lisensvilkår som ikkje let seg sameine med krava til ytingane frå Leverandøren eller lisensvilkåra som gjeld for anna programvare som inngår i ytingane frå Leverandøren.

Dei alminnelege avtalevilkåra gjeld også for dei delane av leveransen ytingane frå Leverandøren som består av fri programvare, med presisjonane og unntaka som går fram under.

Fri programvare er definert som programvare som blir tilboden under alminneleg anerkjende frie programvarelisensar.

Dersom fri programvare skal nyttast i samband med ytingane frå Leverandøren, skal Leverandøren utarbeide ei oversikt over den aktuelle frie programvara. Oversikta blir gitt i eit eige kapittel i vedlegg 2.

Leverandøren skal sjå til at det ikkje blir nytta fri programvare med lisensvilkår som ikkje let seg sameine med krava til ytingane frå Leverandøren eller lisensvilkåra som gjeld for anna programvare som inngår i ytingane frå Leverandøren.

Leverandøren skal berre nytte fri programvare som etter ei forsvarleg vurdering frå Leverandøren si side ikkje krenkjer rettane til ein tredjepart, og som blir tilboden under alminneleg anerkjende frie programvarelisensar.

For dei delane av ytingane frå Leverandøren som er baserte på fri programvare, derimellom tilpassing og vidareutvikling av denne, får Kunden dei rettane som er nødvendige for å kunne distribuere resultatet vidare under den aktuelle frie programvarelisensen, eller under ein kompatibel fri programvarelisens dersom dette er spesifisert i vedlegg 1. Rettane omfattar tilgang til kjeldekode med tilhøyrande spesifikasjonar og dokumentasjon.

Dersom Kunden krev at ei bestemt fri programvare skal nyttast som del av ytingane frå Leverandøren, må Kunden sjølv dekkje eventuelle kostnader ved manglande funksjonalitet som skuldast feil eller manglar ved den frie programvara. Kunden ber sjølv risikoen for rettsmanglar ved fri programvare som Kunden krev skal inngå i ytingane frå Leverandøren. I den grad Leverandøren er kjend med at fri programvare som Kunden krev brukt som ein del ytingane frå Leverandøren, er ueigna til å oppfylle krava til Kunden eller krenkjer / blir hevda å krenkje opphavsretten til ein tredjepart, skal Leverandøren påpeike dette i vedlegg 2 og/eller tildelingsavtalane. Leverandøren skal, som kostnadspliktig tilleggsyting, hjelpe Kunden med å avhjelpe eventuelle manglar eller rettsmanglar ved fri programvare som Kunden har valt, slik det blir beskrive over. Med mindre noko anna er avtalt i vedlegg 7, skal Leverandøren sin standard timepris for konsulenttenester i denne avtalen leggjast til grunn. Leverandøren kan krevje endring av avtalen i samsvar med kapittel 3 dersom arbeidet med å avhjelpe slike manglar får konsekvensar for dei andre pliktene som Leverandøren har etter avtalen.

9 MISLEGHALD FRÅ LEVERANDØREN SI SIDE

9.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD

Det blir rekna som misleghald frå Leverandøren si side dersom ytingane ikkje er i samsvar med det som er avtalt. Det blir presisert at Leverandøren ikkje er ansvarleg for å levere eit spesifikt resultat (resultatansvar).

Det skal ikkje reknast som misleghald dersom situasjonen skuldast forhold hos Kunden eller force majeure.

Kunden skal reklamere skriftleg innan rimeleg tid etter at misleghaldet er eller burde ha vore oppdaga.

9.2 VARSLINGSPLIKT

Dersom ytingane frå Leverandøren ikkje kan leverast som avtalt, skal Leverandøren så raskt som mogleg gi Kunden skriftleg varsel om dette. Varselet skal innehalde informasjon om årsaka til problemet og, i den grad det er mogleg, kva tid ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må påreknast ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

9.3 SANKSJONAR VED MISLEGHALD

9.3.1 Heving

Ved vesentleg misleghald kan Kunden, etter å ha gitt Leverandøren skriftleg varsel og rimeleg frist til å rette opp i forholdet, heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad.

Kunden kan heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad dersom ytinga er vesentleg forseinka. Vesentleg forseinking ligg føre til dømes når levering ikkje er skjedd etter at ein tilleggsfrist er ute, dersom denne går ut seinare.

Viss forseinkinga er av ein slik art at ytingane frå Leverandøren som heilskap må reknast som vesentleg forseinka, t.d. fordi det som allereie er levert eller skal leverast seinare, ikkje kan nyttast utan det som er omfatta av hevingsretten, kan Kunden heve med verknad for heile ytinga.

9.3.2 Erstatning

Kunden kan krevje å få erstatta alle direkte tap, derimellom tap som skuldast meirarbeid og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald ifølgje punkt 9.1, med mindre Leverandøren godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skuldast Leverandøren.

9.3.3 Avgrensing av erstatning

Det kan ikkje krevjast erstatning for indirekte tap. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt fortjeneste, tapte innsparingar, tap av data og krav frå tredjepartar. Unntaket er erstatningsansvar etter dom i samsvar med punkt 11.4.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til det samla vederlaget Kunden betaler til Leverandøren under denne avtalen, eksklusive meirverdiavgift.

Dersom Leverandøren eller nokon som denne svarer for, har utvist grov uaktsemd eller forsett, gjeld ikkje erstatningsavgrensingane over.

10 MISLEGHALD FRÅ KUNDEN SI SIDE

10.1 KVA SOM BLIR REKNA SOM MISLEGHALD

Misleghald frå Kunden si side ligg føre dersom Kunden ikkje oppfyller pliktene sine etter avtalen.

Det skal ikkje reknast som misleghald dersom situasjonen skuldast forhold hos Leverandøren eller force majeure.

Leverandøren skal reklamere utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er eller burde ha vore oppdaga.

10.2 VARSLINGSPLIKT

Dersom Kunden ikkje kan innfri pliktene sine, deriblant fristar, etter avtalen, skal Kunden snarast mogleg gi Leverandøren skriftleg varsel om dette. Varselet skal innehalde informasjon om årsaka til problemet og, i den grad det er mogleg, kva tid Kunden igjen kan overhalde avtalt plikt.

10.3 HEVING

Ved betalingsmisleghald kan Leverandøren heve avtalen dersom Kunden ikkje gjer opp forfalle uomtvista vederlag innan 60 (seksti) kalenderdagar etter å ha motteke skriftleg varsel frå Leverandøren i samsvar med punkt 6.4.

Ved anna vesentleg misleghald kan Leverandøren sende Kunden eit skriftleg varsel om at avtalen vil bli heva dersom Kunden ikkje avsluttar eller utbetrar misleghaldet innan 60 (seksti) kalenderdagar etter mottak av varselet. Heving kan ikkje skje dersom Kunden ordnar opp i misleghaldet før fristen er ute.

10.4 ERSTATNING

Leverandøren kan krevje å få erstatta alle direkte tap som følgjer av misleghald i samsvar med punkt 10.1, med mindre Kunden godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skuldast Kunden. Dersom Kunden er forseinka med oppfyltinga av pliktene sine etter avtalen, og dette medfører at Leverandøren bruker meir tid på å gjennomføre sin del av leveransen, har Leverandøren krav på å få justert det avtalte vederlaget tilsvarande talet på timar som Leverandøren har blitt påført i meirarbeid som følgje av misleghaldet frå Kunden si side.

Vilkåret om avgrensing av erstatning i punkt 9.3.3 gjeld tilsvarande.

11 KRENKING AV DEI IMMATERIELLE RETTANE TIL EIN TREDJEPART (RETTSMANGEL)

11.1 RISIKO OG ANSVAR FOR RETTSMANGEL HOS PARTANE

Kvar av partane har risikoen og ansvaret for at egne ytingar ikkje krenkjer opphavsretten eller andre immaterielle rettar som tilhøyrrer ein tredjepart. Dersom ytinga medfører ei slik krenking, blir det rekna som ein rettsmangel.

11.2 KRAV FRÅ TREDJEPART

Dersom ein tredjepart gjer gjeldande overfor ein av partane at ytinga medfører rettsmangel, skal den andre parten informerast skriftleg snarast mogleg.

Den ansvarlege parten skal handtere kravet for eiga rekning. Den andre parten skal i rimeleg utstrekning hjelpe parten med dette.

Ein part skal gå i gang med og gjennomføre arbeidet med å avhjelpe rettsmanglar utan ugrunna opphald ved

- a) å sørge for at den andre parten kan bruke ytinga som før, utan å krenkje rettane til ein tredjepart, eller
- b) å levere ei anna, tilsvarande yting som ikkje krenkjer rettane til andre

11.3 HEVING

Ein rettsmangel som ikkje blir avhjelpt, og som er av ein slik art at han har vesentleg betydning for motparten, gir den ramma parten rett til å heve avtalen omgåande.

11.4 ERSTATNING AV TAP SOM FØLGJE AV RETTSMANGEL

Ein part kan krevje at idømt erstatningsansvar overfor ein tredjepart som følgje av rettsmangel, blir dekt fullt ut. Dette inkluderer eventuelle saksomkostnader og kostnader som parten blir påført gjennom handteringa av saka. I tillegg kan parten krevje erstatning for anna tap ifølgje føresegnene i punkt 9.3.2 og 10.4.

12 HEVINGSOPPGJER

Ved heving får Kunden dei beskrivne rettane i punkt 8 til det som er utarbeidd eller gjort tilgjengeleg for Kunden. Kunden skal betale avtalt vederlag for ytingar som var presterte i samsvar med avtalen før tidspunktet for heving.

13 ANDRE FØRESEGNER

13.1 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER

I den grad Kunden er ei offentleg verksemd, kan Kunden overdra rettane og pliktene sine etter denne avtalen heilt eller delvis til ei anna offentleg verksemd som ledd i ei organisasjonsendring. Verksemda som rettane og pliktene blir overdregne til, har rett på tilsvarende vilkår.

Leverandøren kan berre overdra rettane og pliktene sine etter avtalen dersom Kunden har gitt skriftleg samtykke til dette og det let seg sameine med lov og forskrift om offentlege innkjøp. Dette gjeld også dersom Leverandøren blir delt opp i fleire selskap, overdraginga skjer til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, eller Leverandøren blir slått saman med eit anna selskap. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Retten til vederlag etter denne avtalen kan overdragast fritt. Ei slik overdraging frittek ikkje vedkomande part frå pliktene og ansvaret han har.

13.2 KONKURS, AKKORD E.L.

Dersom det i samband med verksemda til Leverandøren blir opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har Kunden rett til å heve avtalen med omgåande verknad, med mindre anna følgjer av ufråvikeleg lov.

13.3 FORCE MAJEURE

Dersom det skulle oppstå ein ekstraordinær situasjon som partane ikkje rår over, som gjer det umogleg å oppfylle pliktene etter denne avtalen, og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Pliktene til den ramma parten blir suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga til motparten blir i same tidsrom suspendert.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre avslutte avtalen etter samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å vare i lenger enn 60 (seksti) kalenderdagar, rekna frå det tidspunkt situasjonen oppstår, og då berre med 15 (femten) kalenderdagens varsel. Kvar av partane dekkjer sine eigne kostnader knytt til avslutning av avtaleforholdet. Kunden betaler avtalt pris for den delen av ytinga som var kontraktmessig levert før avtalen blei avslutta. Partane kan ikkje rette andre krav mot kvarandre som følgje av avslutning av avtalen etter denne føresegna.

I samband med force majeure-situasjonar har partane gjensidig informasjonsplikt overfor kvarandre om alle forhold som truleg vil vere av betydning for motparten. Slik informasjon skal formidlast så raskt som mogleg.

14 TVISTAR

14.1 RETTSVAL

Rettane og pliktene som partane har etter denne avtalen, er heilt og fullt bestemte av norsk rett.

14.2 FORHANDLINGAR OG MEKLING

Dersom det oppstår usemje mellom partane rundt tolking eller rettsverknader av avtalen, skal partane først prøve å kome til semje gjennom forhandlingar og/eller mekling.

14.3 DOMSTOLS- ELLER VALDGIFTSBEHANDLING

Dersom ein tvist ikkje let seg løyse ved hjelp av forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjord med endeleg verknad ved ein norsk domstol.

Verneting er det alminnelege vernetinget til Kunden.

Partane kan alternativt avtale at tvisten blir avgjord med endeleg verknad ved valdgift.
